



Endeleg nærmar byggjestarten seg i Halsabrotet, opplyser Ivar Gundersen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Byggjeprojektet Hagetunet er godt i gang, men også eit anna sentrumsnært byggjeprojekt er no nær realisering. Det opplyser Ivar Gundersen, som kjøpte 5 mål i Halsabrotet av Kjetil og Gunn Kristin Dagestad for 3 år sidan. Han skal byggja 10 bueiningar i tomannsbustader rundt det som tidlegare vart kalla Arnesen-huset.

- Kva skjer med projektet no?
- Konsulent Bjørndalen i Eikelandsosen er igang med planleggjinga av dei tekniske anlegga. Hvis alt går greitt, vil spaden forhåpentlig bli sett i jorda før nyttår. Sjølve byggjinga er det Kvinnherad Bygg som skal ta seg av. Gundersen opplyser at alle bueiningane blir på 100 kvadratmeter og på eitt plan. Det blir 3 soverom og også plass til garasjar.
- Bustadane får dagens standard og blir dermed passande for alle, også eldre. Dei blir ikkje trapper, presiserer Arnesen. Han seier seg einig med Johannes Hjørnevåg når han meiner det er behov for enda fleire sentrumsnære leilegheiter. Interesserte kan ta kontakt med Gundersen på nummer 93 28 36 02

Av Ola Matti Mathisen